

Sakshandsamar:

Idar Sagen

E-post: idar.sagen@sfj.no

Tlf.: 41530964

Knut Åland

E-post: knut.aland@sfj.no

Tlf.: 95947117

Birgit Tansøy

Tlf.: 90984022

Vår ref.

Sak nr.: 15/1767-3

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Intern l.nr.

11440/15

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 24.03.2015


NVE

nve@nve.no

Uttale til søknad om løyve til uttak av vatn frå Søreboelva og Vetleelva i Høyanger kommune.


Osland Settefisk AS har i dag konsesjon for produksjon av 2,5 mill. smolt årleg i eit eksisterande anlegg på Sørebo ved sørenden til Østerbovatnet (brakvatn). Det er planlagt ei utvidinga av anlegget til ein samla produksjonskapasitet på 5 mill. smolt årleg. Det nye anlegget skal byggast med resirkuleringsteknologi slik at vassforbruket vert jamnare over året og totalt om lag som i dag. Dei tekniske installasjonane knytt til vassuttaket er etablert frå før. Nye anleggstiltak er oppføring av nybygg (jf. skisse nedanfor), legging av ca. 130 meter rør og omlegging av eksisterande veg. Jf. sitat frå søknaden side 13:

.....Utvidinga av anlegget frå 2,5 til 5 mill. smolt vil ikkje medføre auka uttak av vatn, men den føreslegne minstevassføringa vil betre tilhøva noko i tørre periodar. Påverknadane på laks og sjøaure i Søreboelva vil vere om lag som i dag, men med noko betra tilhøve i tørre periodar som er dei mest kritiske for fisken i dag. I og med at tiltaket ikkje medfører ytterlegare inngrep enn dagens situasjon, med unntak av oppføring av nybygg, eit ca. 130 m langt nytt røyr frå nivåtanken til det nye bygget samt at eksisterande veg må leggast noko om, forventast det heilt marginale konsekvensar for andre allmenne interesser.



Det vert søkt om eit vassuttak på inntil 0,58 m³/sek. Middelvassføringa i elva er 1,17 m³/sek. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring i Søreboelva på 54 l/s om sommaren og 25 l/s om vinteren. 5-persentil sommar og vinter er 66 og 49 l/s. Det vert og søkt om å nytte Vetleelva som supplerande vasskjelde.

Fylkeskommunen har ikkje merknader til saka så langt det gjeld det gjeld brukarinteresser som friluftsliv/reiseliv.



Eksisterende inntak. Det øvre inntaket på kote 50 representerer 8 liter/sek. Hovedinntaket ligg på kote 25 og reserve-inntaket i Vetleelva på kote 10.

Kulturminne frå nyare tid

Den planlagde utbygginga vil føre til forholdsvis store inngrep i landskapet. Med utfylling for ny veg moti vatnet og utgraving av tomt til den planlagde bygningen, må det leggjast vekt på at skjeringar og fyllingar vert tilpassa til terrenget rundt. Skjeringar og fyllingar må såast til eller plastrast. For å få minst mogeleg synelege spor i landskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv). Dersom viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, vert direkte eller indirekte råka av planlagde tiltak, må tiltaka justerast på ein slik måte at kulturminna kan takast vare på. Det må ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som geiler, vegar, steingardar, bakkereiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området.

Automatisk freda kulturminne

Automatisk freda kulturminne i sjø

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Osland Settefisk AS i Høyanger kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Me har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid. Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Automatisk freda kulturminne på land

Det er kjend feire gravfunn frå nabobygda Øysterbø. Mellom anna er det gjort sverd og spydfunn frå mellomalder. I tillegg skal det vere gjort funn av gullringar, brosjer og hårnåler frå same område. Gravene har lege nede ved Øystrebøvatnet. Ingen av gravene er bevart i dag. Funna i

Øystrebø seier noko om funnpotensialet her inne. Bygdene inst ved Øystrebøvatnet låg skjerna og tilbaketrekt i fjordlandskapet.

Frå Blåfjell gjekk det på 1600-talet eit ras ned mot Sørebo og dekte ei heil lita bygd. Enno skal det vere mogeleg å sjå restar att i landskapet etter denne busetnaden.

I området der tiltak i samband med Osland Settefisk AS er planlagt er det ingen hittil kjende automatisk freda kulturminne. Likevel vurderer vi funnpotensialet i dette området som høgt. Sjølv om mykje av grunnen, ut frå flyfoto, ser ut til å vere rasmassar, har vi erfaring med at vi likevel finn spor etter aktivitet frå førhistorisk tid.

På bakgrunn av ovannemnde finn Sogn og Fjordane fylkeskommune grunnlag for å stille krav om arkeologiske registreringar innanfor planområdet for å oppfylle tiltakshavar si undersøkingsplikt jamfør lov om kulturminne § 9. Jamfør § 9 pliktar den ansvarlege leiar eller forvaltingsorgan ved planlegginga av større offentlege eller private tiltak etter lova § 8, første ledd, å undersøke om tiltaket vil verke inn på automatisk freda kulturminne på ein måte nemnt i lova § 3, første ledd.

Registreringa kan berre utførast på berr og telefri mark. Etter lov om kulturminne § 9, andre ledd har kulturminnemyndigheitene frist på 3 månader til å gje fråsegn. Finn vedkommande myndigheit at tiltaket verkar inn på automatisk freda kulturminne på ein måte som er nemnt i § 3 første ledd, har den rett til å krevje ein frist på ytterlegare 1 månad. Fristen kan berre forlengast av departementet (delegert Riksantikvaren). Så lenge fristane går kan ikkje tiltaket setjast i verk.

I medhald til lov om kulturminner § 10 skal tiltakshavar sjølv dekke dei utgiftene kulturminnemyndigheitene har i samband med gjennomføringa av undersøkingsplikta etter § 9. Det er budsjettet med inntil 6 dagsverk, og inntil 3 dagar til etterarbeid. I tillegg kjem inntil 3 14-C prøver i fall det vert påvist relevant dateringsmateriale.

Løn (6 dagsverk)	31500
Etterarbeid (3 dagsverk)	15750
Reiser/diett	18050
14-C datering (3 stk)	13500
Materiell	1000

Sum kostnadsoverslag

Det vil vere bruk for gravemaskin til arbeidet. Det trengst i utgangspunktet ei ca 13 tonns beltegåande gravemaskin med pusseskjer påmontert skuffa. Kostnader til maskin er ikkje teke med ovanfor.

Vi ber tiltakshavar ordne med maskin og graveløyve slik at dette er klart i god tid før oppstart av feltarbeidet.

Det vert understreka at tidsberekninga er eit antatt maksimumsoverslag. Dersom vi finn kulturminne, vil det ta tid å avgrense og dokumentere desse. Dersom det ikkje vert gjort noko funn undervegs, vil undersøkinga ta kortare tid.

Konklusjon

Vi gjer merksame på at tiltaket ikkje kan vedtakast i kommunen forut for at fylkeskommunen har gjeve endeleg uttale på grunnlag av varsla registrering.

Før vi set i gong arbeidet ber vi om at vedlagt skjema vert underskrive og returnert Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Kulturavdelinga.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ynskjer eit snarleg svar frå tiltakshavar om godkjenning av budsjett. Det bør deretter takast kontakt med Kulturavdelinga slik at tidspunkt for registreringa kan avklarast.

Med helsing

Svein Arne Skugge Hoff

Idar Sagen
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kulturminneregistrering i samband med tiltak ved Osland Settefiskanlegg AS, Høyanger kommune

Vårt saks nr: 15/1767

Tiltakshavar tek ansvar for følgjande:

	Kulturavdelinga ynskjer utført/stadfesta:	Vert med dette stadfesta
Kostnadsoverslag vert akseptert	X	
Grunneigarar og brukarar er varsla og har gjeve samtykke til undersøkinga	X	
Eventuell avlingsskade vert erstatta	x	
Kabelpåvisning vert bestilt og utført. Kablar vert merka på bakken med merkespray el. lign: (Telekablar, strømkablar, TV- kablar, vatnrøyr m.m.)	x	
Tiltakshavar skaffar gravemaskin, minimum 13 tonn, med pusseskuff	x	

Faktura sendast til:

Namn:

Adresse:

Organisasjonsnummer:

Personnummer:

Stad og dato

Tiltakshavar si underskrift
